

JUSTERING AV BOMPENGE- TAKSTANE FOR FERJESAMBANDET LANGEVÅG–BUAVÅG FRÅ 01.01.2020.



Bompengerekkeringa på ferjesambandet Langevåg–Buavåg er vedteken i Stortinget 16.06.2009 i samband med behandlinga av St. prp. nr. 78 (2008-2009).

Det pågår bompengerekkering til prosjektet Bømlopakken på sambandet Langevåg–Buavåg. I dag er takstane i ferjesambandet fastsette i samsvar med Riksregulativet for ferjetakstar, med ferjesambandet i prissone 6, og eit bompengepåslag på 4 takstsoner. Langevåg–Buavåg har ikkje bompengetakst for passasjerar.

Frå 1. januar 2020 vil Vestland fylkeskommune gå frå Riksregulativ for ferjetakstar til AutoPASS-regulativ på ferjestrekninga. I dag er bompengepåslaget 4 takstsoner. For å kunne legge til grunn om lag like bompengetakstar for køyretøya vil ein ta ned bompengepåslaget til 3 takstsoner i AutoPASS-regulativet. Fylkesutvalet i Vestland har i møte 3. desember 2019, sak PS11/2019, slutta seg til dette. Det vert innført bompengetakst for nullutsleppskøyretøy under 6 m i samsvar med vedtak i fylkesutvalet i Hordaland 25. oktober i sak 254/18 og igjen i fylkesutvalet 28. mars 2019 i sak 45/19.

Tabellen under syner nye prisar etter innføring av AutoPASS-regulativet for alle takstgruppene (køyretøygruppene):

	Bompengetakst (påslag 3 takstsoner)
AP1 < 6 m	Kr 27,00
AP2 6,01–8 m	Kr 61,00
AP3 8,01–10 m	Kr 79,00
AP4 10,01–12,5 m	Kr 88,00
AP5 12,51–14,5 m	Kr 88,00
AP6 14,51–17,5 m	Kr 98,00
AP7 17,51–19,5 m	Kr 92,00
AP8 19,51–22 m	Kr 99,00
AP9 >22m	Kr 109,00
Motorsykkel	Kr 8,00
Nullutsleppskøyretøy<6m	Kr 13,00

Merk at prisane skal oppjusterast til 2020-takst.– ved innføring av AutoPASS-regulativet 1.1.2020. Prisane er rekna frå dagens takstsoner for ferjetakstar på strekninga som er 6 takstsoner.

FRITAK:

Det vert gjeve fritak for betaling av bompengar etter ei kvar tid gjeldande takstretningsline. Per i dag gjeld dette:

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklande
- Nullutsleppskøyretøy > 6,01 m
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykningskøyretøy, samt sivile utrykningskøyretøy i tenesteoppdrag*

Rabattar og fritaksordningar merka med * krev gyldig elektronisk brikke og -avtale.

Takstendringa kan påklagast til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.

Merk at denne kunngjeringa gjeld berre omlegging av bompengetakstar på ferjesambandet.

For meir informasjon om innføring av AutoPASS for ferje og forskotsavtalar: <https://www.autopassferje.no/>